



Vaksdal / Modalen Skyttarlag  
Skjerjavegen 60  
5729 MODALEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/173 - 22/1563

Saksbehandlar:  
Mikkel Bengtsson  
mikkel.bengtsson@alver.kommune.no

Dato:  
25.07.2022

## Viltfond, støtte frå kommunal viltfond, Vaksdal/ Modalen Skyttarlag

**Administrativt vedtak. Saknr: 011/2022**

### Vedtak

Med heimel i forskrift om kommunale viltfond §5 løyver viltfond i Modalen kommune kr. 20.000 til Vaksdal/ Modalen Skyttarlag til oppgradering av skytebane.

-Tilskotet utbetalast når bank kontonummer og dokumentasjon på utgifter vert sendt til kommunen.

Vedtak om fordeling av midlar frå viltfondet er ikkje eit enkeltvedtak etter Forvaltningslova kap. VI, men inngår som eit ledd i disponeringa av kommunens midlar. Vedtaket kan såleis ikkje klagast på.

### Saksutgreiing:

Trygve Mjelde søker i brev dagsett 17.06.2022, på vegne av Vaksdal/ Modalen Skyttarlag, om tilskot frå det kommunale viltfondet i Modalen kommune. Det vert søkt om tilskott til innkjøp av 2 elektroniske skiver til skyteanlegget i Litlevika på Eidsland.

Skytebanen vert bygd på 1990-tallet og fik ei stor oppgradering av signal/kabelsystem/ Strøm forsyning i 2019. Dei gamla elektroniske skiver frå 90-tallet treng mykje vedlikehald og det begynner å verte både vanskeleg og veldig dyrt å få tak i delane som trengs til vedlikehaldet. Dei siste åra har skyttarlaget vore naud til å stenge ned fleire av dei gamla skivene grunna uakseptabel presisjon i markering av treff i skive.

Søknad vert vedlagt tilbud frå leverandør av dei elektroniske skiver med ei kostnad på kr. 132.725 inkl. mva.

Skyttarlaget søker om stønad frå viltfondet i Modalen kommune på kr. 50.000. Der søkjast om same beløp frå Vaksdal kommune. Resten dekker skyttarlaget av egen kapital og arbeid med montering vert gjort på dugnad.

#### **VURDERING:**

Bruk av viltfondsmidlar er regulert av FOR-2011-05-15-537, Forskrift om kommunale og fylkeskommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort. Bakgrunnen er å fremme viltforvaltninga i kommunane.

Fondet kan nyttast til:

- *Tilskot til tiltak for å fremme viltforvaltning, styrke kunnskapen om viltet, jaktorganisering m.m. i kommunen og nabokommunar gjennom samarbeid i regi av organisasjonar, enkeltpersonar eller kommunen sjølv.*
- *Å dekke kommunens utgifter til ettersøk og handtering av skadd vilt og fallvilt i kommunen.*
- *Tiltak for å forebygge skader på landbruksnæring voldt av hjortevilt.*

Kommunen vurderer at søknadsformålet oppfyller viltfondets formål og kan difor støttast med midlar frå viltfondet.

Viltfondet vurderer at det er viktig at dei lokale jegerar kan utføre både dei obligatoriske skudd og oppskyting til kvar jaktseong utan å trenge å reise ut av kommunen. Skytebanen er eit viktig element i skytetreninga under kyndig instruksjon, spesielt for unge som vil ta jegerprøven. Modalen kommune trenger rekruttering av nye jegerar til forvaltning av den lokale hjortebestand.

Vaksdal/ Modalen skyttarlag har i 2022 mottatt kr 30.000 i stønad frå kulturmidlar i Modalen kommune til oppgradering av skytebanen. Viltfondet støtter med kr. 20.000 såleis skyttarlaget totalt for kr. 50.000.

#### **Regelverk**

For-2011-05-15-537, Forskrift om kommunale og fylkeskommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort.

#### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 22/1563

Med helsing

Mikkel Bengtsson  
Rådgjevar, viltforvalter

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### **Mottakarar:**

Vaksdal / Modalen Skyttarlag

Skjerjavegen 60

5729

MODALEN

